

Heis flagget på frigjerdingsdagen!

07.05.2011



**Den lokale nemnda for 8.mai i Kvinnherad oppmodar
alle om å heisa flagg i morgen.**

Hovudmarkeringa er lagt til Uskedalen og Høylandsbygd og det vil
gje inntrykk om alle nyttar flagga sine.

8. mai er i år på ein sundag og det høver
slik at det samstundes er konfirmasjon
i 3 sokner i kommunen.
Lat oss heise flagga for å minnast freden,
men også for dei som høgtidtar konfirmasjon.

Markeringsa tek til med gudsteneste klokka 14 og kulturhistorisk busstur
i Uskedalen, Herøysund og Dimmelsvik.

Markeringsa er open for alle.

Til veteran treffet på Solheim Turiststasjon er det påmelding i
telefon 915 31487.